

*** Priskontroll**



Frí pris på minst 14.000 fleire bruk skapar uro

Rekruttering: Priskontroll på færre bruk vil gi høgare prisar og tøffare tider for ungdom som vil bli bønder, ifølgje bygdepolitisk nestleiar i Norges Bygdeungdomslag, Ragnhild Duserud, som sjølv fryktar høgare krav til eigenkapital i kjølvatnet av prisvekst.

Bygdeungdomslaget fryktar sterkare prisvekst og tøffare tider for ungdom som vil bli bønder når priskontrollen blir fjerna på fleire gardsbruk.

ENDSERG. - Når prisen på enda fleire landbrukseigdeommar skal styrast av marknaden, så fryktar vi at det blir enda vanskelegare for ungdom som vil drive jordbruk å få kjøpt seg eit gardsbruk, seier bygdepolitisk nestleiar Ragnhild Duserud i Norges Bygdeungdomslag.


24-åringen forpaktar sjølv fire bruk og driv 950 mål med korn i Eidsberg i Østfold.

- Eg håper på sikt å få kjøpe, men det krev mykje kapital. Vi

unge har heller ikkje hatt sjanse til å tenne opp kapital frå andre yrke, seier ho.

Minst 14.000 får fri pris

Sist veke vart KrF og Venstre einige med regjeringspartia om endringar i innslagspunktet for priskontrollen av landbrukseigdeommar. Partane veit ikkje kor mange fleire som får fri pris av forslaga. Tal Nasjonen har fått frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser litt av omfanget forslaga vil få.



I dag er det i utgangspunktet priskontroll på vel 91.500 landbrukseigdeommar, litt under halvdel av totalen, ut frå dagens arealgrense. Fleitralpartia vil heve arealgrensa frå 25 til 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord. Det vil føre til at rundt 14.000 færre bruk blir omfatta av priskontrollen. På landsbasis vil prosentdelen av landbrukseigdeommane som fell inn under reglane gå ned frå litt

over 49 prosent til litt under 42 prosent.

Heving av prisgrensa frå 2,5 til 3,5 millionar kroner før priskontrollen slår inn, kan få minst like store utslag. Snittprisen på omsette landbrukseigdeommar ligg på rundt 2 millionar kroner. Dei tre siste åra er det årleg omsett rundt 700 eigedommar i fritt sal over prisgrensa på 2,5 millionar kroner. Om grensa var på 3,5 millionar kroner, ville nærare halvdel så mange av dei omsette eigedommane i perioden bli omfatta av priskontrollen, ifølgje SSB.

Forslaga om å frita skog heilt eller delvis vil og føre til at langt færre bruk blir omfatta av priskontrollen, men utslaga er uvisse

sidan regjeringa skal føreslå korleis endringa kan bli i praksis.

Ventar større prisvekst

Snittprisen for landbrukseigdeommar omset i fritt sal er meir enn tredobla på 15 år, ifølgje SSB. Bygdeungdomslaget ventar at heving av innslagspunktet for priskontrollen vil bidra til ytterlegare prisvekst i åra som kjem.

- Med priskontroll på enda færre gardsbruk, så er det god grunn til å vente at prisane vil stige ytterlegare. Utfordringa er at veksten i innteninga på garden ikkje står i stil til prisveksten på gardsbruk. Når prisane overhøvdet ikkje står i stil til innteninga, så blir det enda tøffare for jordbruksinteressert ungdom

NOTERT

FOTO: NTB SCANPIX



Seier ja: Leiar i Bioteknologirådet, Kristin Halvorsen.

BIOTEKNOLOGIRÅDET VIL IKKJE FORBY GMO-nellikar

Det er ingen grunn til å forby genmodifiserte nellikar, meiner Bioteknologirådet.

Rådet meiner det ikkje bør leggjast ned forbod mot import av snittblomar frå dei genmodifiserte nellikane Moonaqua, Moonlite, Moonberry og Moonwilver. I nellikane er det sett inn gen frå fiol og petunia som gir dei lilla farge.

EU har godkjent søknaden frå selskapet Florigene om å få lov til å importere desse nellikane for sal i blomsterbutikkar. Når ein GMO er godkjend i EU, skal Noreg vurdere om det skal leggjast ned forbod etter genteknologilova, eller om det skal vere lov å omsetje produktet i Noreg. Bioteknologirådet er ein av høyringsinstansane for slike søknader.

Nellikane utgjer ikkje nokon helse- og miljørisiko. Og sjølv om dei ikkje har nokon spesiell samfunnsnytte eller bidreg spesielt til beredningsutvikling, meiner vi at ein i denne saka ikkje treng å leggje avgjerande vekt på dette, seier leiar i Bioteknologirådet Kristin Halvorsen.

©NPK

Kraftverk får nei grunna vern

NVE seier nei til å bygge Åselva kraftverk i Åmotselva i Gaular i Sogn og Fjordane. Omsyn til nasjonale lakseassdrag og vern mot kraftutbygging i Gaulavassdraget er dei viktigaste grunnane til avslaget.

Kraftverket ville hatt ein årleg produksjon på om lag 4,8 GWh, noko som svarar til forbruket til om lag 240 husholdningar. Kraftverket ville verna Gaulavassdraget. Vassdraget har status som «typevassdrag», altså at vernet skal varera noko som er typisk for vassdragsnaturen i regionen. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) meiner bygging av Åselva kraftverk strir mot vernegrunnlaget for vassdraget, fordi den samla belastninga på vassdraget alt er stor. I tillegg ligg kraftverket på anadromt strekke og kjem i konflikt med tryggingsegnetet for nasjonale lakseassdrag.

©NPK

Fakta


Priskontroll

- **Høgre, Frp, Venstre og KrF** er einige om fleire endringar i priskontroll- og konsesjonsreglane som vil gi fri pris på fleire gardsbruk.
- **Ved kjøp av bebyggd landbruseigedom** slår prisreguleringa i dag inn om eigedomen har minst 25 dekar dyrka mark eller 500 dekar produktiv skog og prisen er over 2,5 mill. kr.
- **Fleirtalspartia vil heve** innslagspunktet til 35 dekar på areal og 3,5 mill. kr på pris. Reine skogeigedommar kan få fritak. Regjeringa skal vurdere korleis skog på kombinerte jord- og skogeigedommar kan få fritak og korleis areal kan overførast konsesjonsfritt til eigedommar som har tilstøytande grenser, ligg i nærleiken av og eller blir forpakta.
- **Av vel 185.700** landbruseigedommar er i dag 91.500 (49,3%) store nok til å bli omfatta av priskontrollreglane. Med heva arealgrense til 35 dekar vil reglane gjelde 77.600 (41,8%) av brukta.
- **Dei tre siste** åra er det omset i snitt 695 bruk årleg i fritt sal til over 2,5 mill. kr. Av desse gjekk 376 bruk pr. år for over 3,5 mill. kr.
- **I 2013 blei** det sett 618 eigedommar som opptilte vilkåra for å bli priskontrollerte. I 2012 blei 1% av konsesjonssøknadene avslått grunna for høg pris.

Fakta

Prisutvikling for landbruseigedom

Gjennomsnittlig kjøpesum for landbruseigedomar omsette i fritt sal med landbruk som oppgitt bruksformål på skjøtet.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Fakta

Landbruseigedommar med priskontroll

Prosentdel av landbruseigedommane i kvart fylke som vil vere store nok til å bli underlagt priskontroll om arealgrensa blir heva til 35 dekar fulldyrka eller overflate dyrka jord. Tal for 2014.

Eigedommar med priskontroll etter arealendringane:

Østfold	66,0 %
Akershus/03 Oslo	57,5 %
Hedmark	46,8 %
Oppland	50,3 %
Buskerud	49,2 %
Vestfold	64,9 %
Telemark	45,1 %
Aust-Agder	38,4 %
Vest-Agder	30,4 %
Rogaland	50,2 %
Hordaland	23,0 %
Sogn og Fjordane	36,3 %
Møre og Romsdal	35,3 %
Sør-Trøndelag	53,8 %
Nord-Trøndelag	61,7 %
Nordland	26,9 %
Trøndelag	22,3 %
Finnmark	20,4 %
Landet totalt	41,8 %

Med i talen er også eigedommar med meir enn 500 m² produktiv skog. Om skog blir heilt eller delvis fritatt, vil ein større del av eigedommane bli fritatt.

Kjelde: SSB



Nationen 3. februar.



forpaktar fire gardsbruk i Østfold. Ho håper å få kjøpe, men
FOTO: MARIANN TVEITE

å få sleppe til, seier Duserud.

Ho fryktar konsekvensane for rekruttering og matproduksjon.

– Vi er bekymra for konsekvensane. Høgare prisar fører til større krav til eigenkapital, noko som gjer det tøffare for ungdom. Det er alt i dag for få bønder under 40 år, seier Duserud.

– Om ein større del av gardsbruka blir kjøpt for bustads- og

fritidsformål, kan resultatet bli mindre matproduksjon. Skal ein oppnå høgare matproduksjon, bør dei som kjøper vere interesserte i å drive jorda og ikkje berre bu der, seier ho og tek til orde for at praktiseringa av konsesjonsloven bør strammast inn.

– **Ungje må ta opp større lån** Heva arealgrense slår ulikt ut i

KONSEKVENSAR

«Utslaga blir størst i dei delane av landet der matproduksjonen alt står svakt.»

LARS PETTER BARTNES, LEIAR I BONDELAGET



NATIONEN · TORSDAG 11. FEBRUAR 2016